

JUBILEUMSUTSTILLINGA I LEVANGER 1936.

**Det norske myrselskaps forsøksstasjons deltaking
19. til 27. september.**

Av forsøksleidar Hans Hagerup.

LEVANGER BY feira i dette året 100 års jubileum som kjøpstad. I samband hermed var det arrangera fylkesutstilling lik med utstillinga i Levanger 1906 og i Steinkjer 1933. Fyremålet med utstillinga var å gi ei mønstring av fylket sitt næringsliv og å visa framgangen frå tidlegare fylkesutstillingar. Dei permanente avdelingar ved denne utstilling var frå 18. juli til 2. august, og frå 19. til 27. september, den siste for utstilling av årets produkter frå jord-, hage-, skogbruk og husstell m. v.

Det norske myrselskaps forsøksstasjon deltok i hovedavdeling I ved den siste utstilling med ei samling av jord- og hagebruksprodukter frå myrjord samt fotografier av ymse vekster på myr 1936, dessutan med nokre grafiske framstillingar av forsøksresultat. Eg skal her gjeva eit stutt oversyn over vår utstilling.

Jordbruksprodukter:

1. Korn: Maskinbygg, Asplundbygg og Perlehavre av 1935 års avl (årets avl var ikkje treska og dessutan var berginga dårleg).
2. Nepesortar: Fynsk bortfelder, Dales hybrid, Kvit mainepe og Østersundom.
3. Kålrotsortar: Trondheims kålrot og Østgøta.



Fig. 1. Perlehavre, Mæresmyra 1936.



Fig. 2. Gulrot, Mæresmyra 1936.

4. Potetsortar: Graham, Louis Botha, Scharpes express, Dukker og Parnassia.
5. Høy — timotei — frå tri ulike slåttetider med avlingstal og analyse over fôrverdi. Avlingstal og næringsinnhald er framstilt nedanfor:

<i>Kg. høy pr. dekar:</i>	I	II	III
Fyrste slått (medeltal frå 7 år)	558	711	803
Andre slått (medeltal frå 4 år)	179	156	113
Sum	737	867	916

Analyse av fyrste slått (medeltal av 2 år):

Protein	9,7	7,6	6,7
Åske	3,9	3,3	2,7
Kvævefrie ekstraktemne	37,2	39,2	39,6
Plantetrevlar	31,6	39,6	32,1
Fôrverdi pr. 100 kg. høy	41,0	37,3	30,7
Kg. høy til 1 fôrverd	2,43	2,72	3,3

I — hausta ved skyting av timoteien.

II — hausta ved timoteiens bløming.

III — hausta 14 dagar etter at timoteien har blømt.

Hageprodukter:

6. Gulrotsortar: Halvlang Nantes, Chantenay, Berliner glas, Vertou og Feonia.




Fig. 3. Potet og hovudkål, Mæresmyra 1936.

7. Pastinak: Suttons student og runde.
8. Raubeter: Improved detroit, flatrunde egyptiske, karmoisinraud kule, non plus ultra.
9. Hovudkål: Trønder, Ditmarsker og Julikonken.
10. Skalotløk.
11. Prøver frå feltforsøk med ulik gjødsling til havre visande utslaget for dei ymse gjødselslag.

Forutan ovannemnte produkter var det 5 fotografier av ymse vekster på myr i 1936, nemleg av timoteieng, Perlehavre, gulrot, neper og potet og hovudkål. Tri av desse bilæte er medteke her.

Av grafiske framstillingar var utstilt 6 stk. som viste enkelte resultat av forsøka på Mæresmyra.

Plansje 1: Stigande mengder fosfatgjødsel til eng.

— 2: Stigande mengder kalisalt (40 %) til eng.

— 3: Stigande mengder kvæve til eng på lite molda grasmyr.

— 4: Kalk og sandkjøring til eng på mosemyr.

Dessutan var framstilt innhaldet av plantenæringsemne i grasmyr og mosemyr i samanlikning med kva dei vanlege jordbruksvekster treng til sin vekst, og ei plansje visande arealfordelinga for dei ymse markslag i Nord-Trøndelag fylke, bygd på landskøgtakseringa sine målingar.

Det norske myrselskaps forsøksstasjon vart tildelt Jubileumsutstillinga sin takkediplom for si deltaking i utstillinga.

Ved haustutstillinga 19. til 27. september var det i hovedavdeling I — produkter av og for jordbruk — i alt 113 utstillarar. Av dei private utstillarar var det ein, hr. Arne Lie, Skogn, som hadde noko å visa fram spesielt frå myrjord. Hr. Lie er kjent for si dyrking av mosemyr, og her hadde han utstilt profiler av dyrka mosemyr i alder frå 1 til 8 år, og ved sida av prøve av udyrka mosemyr og dei jordbetringsmiddel som er nytta ved kultiveringa, — kalkhaldig sand. Profilene frå dyrka myr var frå eng og beite, og dei viste den plantesetnad som ein vanleg vil få på den slags jord under våre tilhøve, nemleg kløvereng dei fyrste 3 år (raudkløver) og dei seinare år ein plantesetnad av kvitkløver og engrapp. Dei siste år var myra nytta til beite med godt resultat. Av jordbruksprodukter frå fastmark var utstilt: Maskinbygg 1936, Torshavre 1935 og 1936. Neper: Dales hybrid og Fynsk bortfelder. Barres forbete, Grahmpotet, Østgøta og Bangholm kålrot. Timotei og kløverfrø frå 1936. Alt i alt ei fyldig utstilling.

Hr. Arne Lie fekk tildelt Selskapet for Norges Vel's sølvmedalje.

Det norske myrselskaps premie vart tildelt Jon Tuset, Skatval, for god samling jordbruksprodukter.

Han hadde utstilt fylgjande produkter: Haustkveite, Børsumkveite, Maskinbygg, Perlehavre, Torsdagsarter, kløver- og timoteifrø. Potet: Parnassia, Graham. Kålrot: Østgøta, og av neper Dales hybrid. Ogso ei god og fyldig utstilling.

NYE MEDLEMMER 1936.

Livsvarige:

Amundsen, Axel Ring, gårdbruker, Seterstøa.
 Edøy jordstyre, Nordvika, Smøla.
 Løvenskiold, Axel, godseier, Ask, Norderhov.
 Njerne, R., fylkesagronom, Høllen i Søgne pr. Kristiansand S.
 Nore kommune, Rødberg p. å.
 Vest-Agder landbruksselskap, Kristiansand S.

Årsbetalende:

Aust-Torpa småbrukerlag, Aust-Torpa.
 Bakken, Aksel, skogbestyrer, St. Olav gate 10 III, Oslo.
 Bjørnstad, Tollef, agent, Fjellgaten 57, Oslo.
 Boyesen, R., apoteker, Josefinegate 35 II, Oslo.
 Elverum kommune, Elverum.
 Espeland, Trygve, forstkandidat, Bråstad pr. Arendal.